




# DET NORSKE TEATRET



6159019056





## HEDDA GABLER

Skodespelet om general Gablers vakre dotter Hedda, er kanskje det Ibsendrama som fengslar oss mest. Hedda, så viktoriansk i heile sin bakgrunn og framferd, bunden til si tid, er likevel på forunderleg vis eit menneske av i dag. Heile den freudianske psykologi, teoriane om det fortrenge driftsliv og dei krefter det løyser ut, har Ibsen med kunstnarens intuisjon og lenge før Freud, skildra gjennom ein menneskelagnad som kjem oss farleg nær.

Hedda er eit ulykkeleg menneske, nesten demonisk i sin destruksjonstrong; oppteken berre av seg sjølv driv ho eit farleg spel med andre menneske og deira liv og lagnad, men fangast inn av sine eigne handlingar og går sjølv til grunne. Det synest vera berre vondskap i henne, men bak alle intrikate, destruktive utspel anar ein eit menneske med store rike krefter i seg, krefter som av samfunn, miljø, konvensjonar, er blitt stengde og frustrerte så dei bryt ut og blir destruktive. Midt i si utolelege sjølvdyrking går Hedda og ber på ein draum om noko stort som skulle ha vore realisert: symbolet med vinlauv i håret står som eit bilete på det. På sin måte drøymar ho om det vedunderlege, slik Nora i «Et dukkehjem» gjer det, men livet svarar ikkje til draumen, og slett ikkje det forkvakla liv Hedda er blitt tvungen til å leva frå sin barndom av. Skodespelet om Hedda Gabler står som ein knusande dom over den tid og den sivilisasjon som skapte henne, men har langt vidare perspektiv. For alle blir vi kvista av livet, og meir eller mindre forkvakla av vårt miljø. I sin grenselause egoisme står også Hedda det moderne menneske nær, det som hemningslaust tyranniserer miljøet kring seg med sine nevrosar og kompleks. Draumen om ein død i venleik kan synast oss latterleg, — den knyter seg til ei anna tid med andre ideal, men Heddas frivillige utgang frå eit audmjukande liv som har mist den siste rest av menneskeleg byrgskap, — den har fremleis eit fortrollande lys av stor-dom over seg.

Tormod Skagestad

## «Hedda Gabler» 1890–1971

- 1890 Den 16. desember vart «Hedda Gabler» publisert av Gyldendalske Boghandels Forlag i København.
- 1891 Skodespelet kjem i bokform i England, Tyskland, Russland og Holland.  
**31. januar:** urpremière i München. Deretter premiere på Svenska Teatern i Helsingfors den 6. februar, på Lessing-Theater i Berlin den 10. februar, på Svenska Teatern i Stockholm den 19. februar og på Det Kongelige Teater i København den 25. februar.  
**26. februar:** norsk urpremière på Christiania Theater med Constance Brun som Hedda.
- 1892–95 Franske, spanske og portugisiske utgåver av «Hedda Gabler». Teater i Russland, Tyskland, England og Italia set opp Ibsens nye skodespel. Engelsk gjestespel i Bergen den 25. juni med Betty Hennings som Hedda.
- 1901 «Hedda Gabler» på Nationaltheatret i Olaf Hanssons regi og med Marie Mejlænder-Hellesen og Agnete Schibsted-Hansson alternerande som Hedda. Johanne Dybwad spelar Thea.
- 1906 Eleonora Duse gjestar Nathionaltheatret som Hedda Gabler.
- 1907 Max Reinhard set opp «Hedda Gabler» på Kammerspiele i mars; dekorasjonen er ved Edvard Munch.
- 1912 Greta Prozor spelar Hedda i Paris og gjestar på Nationaltheatret.
- 1913 Ragna Wettergren spelar Hedda på Nationaltheatret i stor diva-stil, i 1930 gjorde ho ei meir inngående studie av Hedda.
- 1932 Enorm suksess for Gerd Griegs tolkning av Hedda Gabler. Ho tok opp att rolla i 1951.
- 1943 Lillebil Ibsen spelar Hedda Gabler på Oslo Nye Teater.
- 1947 Rønnaug Alten tolkar Hedda Gabler på Trøndelag Teater.
- 1948 Rønnaug Alten spelar Hedda igjen, denne gongen på Den Nationale Scene.
- 1954 Gjestespel på Det Nye Teater med Peggy Ascroft i tittelrolla.
- 1957 Royal Academy of Dramatic Art gjestar Nationaltheatret med den unge Sian Philips som Hedda Gabler.
- 1961 Wenche Foss spelar Hedda Gabler på Nationaltheatret.
- 1966 Oslo Nye spelar Hedda Gabler i Claes Gills regi og med Mona Hofland som Hedda.
- 1968 Eva Skiöld set opp «Hedda Gabler» på Trøndelag Teater med Rut Tellefsen i tittelrolla.
- 1969–70 Gudrun Waadeland spelar Hedda i Göran O. Erikssons regi på Riksteatret.
- 1971 «Hedda Gabler» får premiere på Det Norske Teatret i Tormod Skagestads regi og med Lise Fjeldstad i tittelrolla 14. januar.



**«HEDDA GABLER,**

**Skuespil i fire akter af Henrik Ibsen»**

kom ut på Gyldendalske Boghandels Forlag i København den 16. desember 1890. Her følger iokre av kritikkane som kom kort etter at stykket vart publisert.

**Dagbladet den 17. desember:**

«... en Djævel, en ren Demon.»

Lars Holst

**Aftenposten den 20. desember:**

«Dunkelheden, det bizarre og abnorme i den psykologiske Tegning, det tomme trøstesløse Indtryk, som det hele livsbillede efterlader, er der (i.e. i dette stykke) sterkere end nogensinde. Ja, det maa vel siges, at det dunkle denne Gang grænser saa betænkelig ind paa det ligefrem uforstaaelige, og at det abnorme i det skildrede Sjæleliv mangesteds gjør et saa fremmed Indtryk, at man selv med den bedste Vilje har vanskeligt for at følge Digteren i hans Tankegang og se med hans Syn.

....

Vil digteren antyde for os at der er gaaet noget større til Grunde i hende, at ogsaa hun tilhører den Ibsenske Digtings store Familie af Ofre for en snever, spidsborgerlig Moral?»

Professor Bredo Morgenstjerne

**Morgenbladet 21. desember:**

«Alt i alt kan Hedda Gabler neppe kaldes Andet end et uhyggeligt Fantasifoster, et av Digteren selv frembragt Uhyre i Kvindeskikkelse, uden tilsvarende Forbillede i Virkelighedens Verden.»

Alfred Sinding-Larsen

**Verdens Gang 23. desember:**

«Der er noget storartet umoralsk ved Hedda Gabler. Og ak og ve! dette synes at have Digterens Sympati; han tillader sig at finde en umoralsk Kvinde egnet til kunstnerisk Behandling og gaar uden videre hen og tegner hende for os . . .

Hedda Gabler er Kvinde, Fruentimmer, Dame, Hunkjøn — genuin som saadan. Alle Steder, hvor der er Hunner, findes Hedda Gablerske Egenskaber — blant Eskimoerne og i Paris.»

Gunnar Heiberg

**Samtidens januarhefte 1891:**

«Muligt er det Ibsens mening, at en storsindet dame, som er tvungen til at leve i smaa, indholdsløse forhold, blir som Hedda Gabler: at hendes storhed blir ondskab, hendes trang til skjønhed lede ved livet, at hun blir præget af smaaheden om sig, saa den smaaborgerlige frygt for skandale magtstjæler hende. Men det er kun en mulighed, og heri ligger netop det utilfredsstillende . . .»

Jeg tror, at grunden er, at Ibsen her har forsøgt det umulige. — Med andre ord jeg tror, at den dramatiske kunst har sine grænser . . . at dramaet, med den moderne teknik ialfald, kun kan fremstille forholdsvis enklere karakterer . . . Derfor, mener jeg, kunde en roman om Hedda Gabler blive yderst interessant, medens vi ligeoverfor dramaet føler os tomme og bedragne . . .»

Gerhard Gran



**Utdrag frå Hans Jægers kronikkar i Dagbladet etter den norske urpremierer på Christiania Theater i 1891:**

«Hun (Hedda) aner, at der findes noget stort og rigt udenfor «kredsen», noget, som hun ikke kan naa, fordi hun ikke tør gribe efter det. Ad modsætningernes vei har hendes liv ført hende til beundringen for **den stærke og frie personlighed**, og det er ud fra denne beundring, hun taler og tænker. Hun, som sidder der i ørkesløs kjedsomhed, længes bort fra tomheden, længes mod et livsindhold, længes efter daad, efter magt, efter kraftig og resolut handling... Og hun, som selv er bunden af konvensen, hun beundrer friheden og drages mod den som mod noget stort og forlokkende fjernt. Hun, som selv er saa feig og ved, at hun er det, hun tilbøder modet og betages af det, hver gang hun tror at møde det paa sin vei. Saa voldsomme er modsætningerne i hendes væsen, saa dybt og ulægeligt bruddet i hendes personlighed.


....

Gjennem analysen af hovedfiguren har vi naaet til at skimte konturerne af et Ibsen'sk idédrama bag de knappe og jævne repliker: kjærligheden kontra egenkjærligheden, personlighedskravet kontra konvenssaaget og den ideale skjønhedslængsel kontra virkelighedens usselhed og styggedom.

Sagt i faa ord er stykkets grundtanke denne: Selvbestemmelsens freidige likevægt i nydelsen er vistnok et element i fremtidens kultur; men det er ikke det eneste, ikke det viktigste heller. Paa den vei er der ingen fremtid foran, som Ejlert Løvborg vilde udtrykke sig. Først gjennom altruismen naaes den frie helstøbte personlighed. Derfor er det altruismens repræsentant som «beaander» Ejlert Løvborgs udsyn mod «fremtidens kulturmagter», ud mod «det tredje rige», som mystikeren Maximos drømte om, som Henrik Ibsen drømmer om den dag idag...»







August Strindberg:

«Det synes mig som om Ibsen kanner på sig att jag blir Kongsevnet (!) när han slutat . . . För jag skal öferleva honom och många andre och den dag «Fadern» slår ihjel «Hedda Gabler», då skall jag sticka revolvern i näfven på trollkarlen från Dovre . . .

«Nu har jag lest Hedda Gabler.

'Det var skidt med Ejlert Løvborgs talent som inte tålte ett godt ruckel hos horor och litet slagsmål med polis'.

Skulle han skjuta sig för så litet?

Emmellertid tyckes H. G. vara mera hop-sqvellrad än observerad, och slägtskapen med Laura i Fadern och Tekla i Creditorer synes odisputabel.

Ser De nu att mina frön har fallit i sjelfva Ibsens hjernkapsel och grott.

'Nu bär han på mina semina och är min uterus.' Det är Wille zur Macht, och min lustkänsla att sätta andras hjernor i molekularrörelse.»

Alexander Kielland:

3. januar 90.

«Kjære Kitty!

Hedda Gabler er for mig en grimace; jeg ser den gamle troldmand fryde sig over en scene som den: nu brrænderr jeg dit Barn – Thea! – han er en stor troldmand, han er øvervældende i sin kunst og alligevel maa jeg helst le mellom hvert skudd.»



George Bernhard Shaw:

«Hedda Gabler har ingen etiske ideal i det heile, berre romantiske. Ho er ein typisk skapnad av det 19. hundreåret, i det at ho fell i avgrunnen mellom ideala ho ikkje er underlagt og røyndomen ho enno ikkje har oppdaga. Resultatet er at jamvel om ho har fantasi og ein intens hug for det vakre, har ho ikkje samvit, inga tru. Med masser av intelligens, energi og sjarm er og blir ho slem, avundsjuk, hatsk og vond i protest mot andre si lykke, som ei furie i sin avsky for uartistiske menneske og gjenstandar, ein bølle i reaksjon mot sin eigen feigskap.»

Einar Skavlan:

««Hedda Gabler» ender med at assessor Brack sitter «Halvt avmektig i lenestolen» og sier:

— Men, Gud seg forbarme — slikt noe **gjør** man da ikke!


Det var Ibsens biske og lystige ironi på forhånd over, hva alle skikkelige og alminnelige folk ville si om Heddas selvmord. De ville nekte det, de så med sine egne øyne. For der skal fantasi til å se virkeligheten.

Mange folk sier, de vil ta livet av seg, men **gjør** det ikke. De fleste, som ser Hedda Gabler, nekter å tro, at hun skyter seg. Og da begriper de ikke hele stykket. Det handler nemlig om **at hun faktisk gjør det**. Og kan man først få sitt trege sinn til virkelig å fatte og tro det, blir allting klart. Utgangen forklarer hver eneste ting — alt det ville og desperate, som skjer i dette voldsomme skuespill med den usigelig glatte og konvensjonelle overflaten. Det er som et bilde på Ibsen selv — den korrekteste av alle, med det voldsomste sinn.»

Else Høst:

«Hovedpersonen Hedda Gabler, med sin dragning mot de forbudte gleder, sin forsiktige nipping til dem, sin feighet og misunnelse mot dem som våger å gi seg livet i vold — er hun ikke nettopp et bilde på sin skapers splittethet mellom livsutfoldelsen og dikterkallet, mellom den brennende trang til én gang i sitt liv å leve fritt ut, og den enda sterkere følelse av plikt til å holde fast ved sin livsstil og føre sin åndelige personlighet frelst gjennom prøven?

Men dikterverket rommer mer enn denne selvbekjennelsen. Ibsen har ikke bare i hovedskikkelsen gitt uttrykk for sin egen konfliktsituasjon, han har i dramaet som helhet formidlet en visjon av sanselivets verden. — av de lover den er underlagt, og et par av de typer som befolker den.»



Til «Hedda Gabler» har vi eit omfattande kilde-materiale i dei notisane Ibsen gjorde under føre-arbeidet, meir enn til noko anna Ibsen-skodespel. Ved sida av det fullstendige utkastet til «Hedda Gabler» (sluttdatert den 7.10.1890) er det 13 lause ark med notat, ei planskisse til 1. og 2. akt, eit par blad med korte notisar og to notisbøker. Her følgjer eit utval av desse notata.

Han har en så væmmelig måde at gå på når en ser ham bagfra.

....

Hun hader ham fordi han har et mål, en livsopgave. Veninden har en sådan, men tør ikke bruge den. Hendes personlige liv literært behandlet.

....

Stykket skal dreje sig om «det uoverkommelige», det, at hige og tilstræbe noget som står imod konventionen, imod det vedtagne i bevidsthederne, — ogsaa i Heddas.

....

Hedda føler sig dæmonisk tiltrukket af tidens tendenser. Men modet mangler. Det blir ved teorien, ved de ørkesløse drømme.

....

Den kvindelige fantasi er ikke aktiv og selvstændig skabende som den mandlige. Den behøver en liden smule virkelighed til hjælp.

....

Løvborg har bøjet sig mod «Bohemen». Hedda drages mod den samme side, men vover ikke spranget. Hos Hedda ligger dyb poesi på bunden. Men omgivelserne skræmmer hende. Tænk, at gøre sig latterlig.

....

# hedda gabler

henrik ibsen


omsetjing og regi:  
scenografi og kostyme:

TORMOD SKAGESTAD  
ARNE WALENTIN

regiassistent:  
inspient:  
sufflør:  
rekvisitør:  
parykkar:

SIRI ROM  
KRZYSZTOF SELIGA  
ARNA HAMMERSMARK  
GEIR ARNE NÆSS  
DORO WALSTAD

Première 14. januar 1971.



**PERSONANE:**

Jørgen Tesman .....

Fru Hedda Tesman .....

Froken Juliane Tesman .....

Fru Elvsted .....

Assessor Brack .....

Eilert Lovborg .....

Berte .....

Paus

ODD FURØY  
LISE FJELDSTAD  
ASTRID SOMMER  
WENCHE MEDBØE  
PÅL SKJØNBERG  
TOM TELLEFSEN  
SIRI ROM

etter 2. akt.

programredaksjon:

omsetjing:

foto:

trykk:

Svein Selvig

Anne Lise Myklebust og Svein Selvig

Sturlason

Torres Trykkeri, Oslo





Hedda er udtrykket for damen i hendes stilling og med hendes karakter. Man gifter seg med Tesman, men man beskjæftiger sin fantasi med Ejlert Løvborg. Man læner sig tilbage i stolen, lukker øjnene og imaginerer sig hans eventyr. — Her den uhyre forskel: Fru Elfstad «arbejder på hans moralske forbedring». For Hedda er han et objekt for fejge, lokkende drømmerier. I virkeligheden har hun ikke mod til at være med paa sligt. Så kommer erkendelsen af hendes tilstand. Bunden! Begriber det ikke — Laterligt! Latterligt!

....

Den store jammer i verden er at så mange ikke har andet at tage sig til end at jage efter lykke uden at kunne finde nogen.

....

Hedda: Drømme skandalen — ja det forstår jeg nok. Men begå den — nej, nej, nej.

....

Det indbyrdes Kvindehad. Kvinderne har ingen indflydelse på de ydre statsanliggender. Derfor vil de ha' indflydelse på sjælene. Og så har så mange intet livsmål (mangelen heraf er en arv) —

....

Det dæmoniske i Hedda er: Hun vil øve indflydelse på en anden — Er det sket, så foragter hun ham —

....

NB!

I den store samtale mellem Hedda og E. L. sker omslaget i stykket. Han: Hvilken jammerlighed at indrette sig efter den bestående moral. Idealet vilde være om et nutidsmenneske kunde leve fremtidens liv. Hvilken jammerlighed at stride om en professorpost!

Hedda, — den dejlige tøs! H. Nå! E. L. Ja, jeg siger det. Den dejlige, kolde — marmorkolde tøs!

Jeg er ikke udsvævende i grunden. Men virkelighedslivet er ikke leveligt —

....

Hovedpunkter:

1. De er ikke alle skabte til at være mødre.
2. Det sandselige drag er i dem, men de har skræk for skandalen.
3. De fornemmer at der er livsopgaver i tiden, men de kan ikke få tag i dem.

....

Slutning.

Livet er ikke sørgeligt. — Livet er latterligt — Og **det** kan ikke bæres.

....

NB!

Det er egentlig hele **mandens** liv hun vil leve. Men så kommer betænkelighederne. De nedarvede og de indplantede.

....

Hedda. Slank middelhøj skikkelse. Ædelt formet for-  
nemnt ansigt med en fin voksfarvet hud. Øjnene  
har et tilsløret udtryk. Håret mellembrent. Ikke syn-  
derlig stærk hårvækst. Klædt i løs morgenkjole,  
hvid med blå besætning. Ro over manererne.  
Øjnene stålfarvede, med et mat skær.

....

Heddass grundfordring er: Jeg vil vide alt, men holde  
mig ren!

Alt vil jeg vide — vide — vide — — H.

H. Gid jeg kunde ha' levet som han!

....

Den blege, tilsyneladende kolde skønhed. Store ford-  
ringer til livet og til livsglæden.

Heddass fortvilelse er den forestilling at der visst  
findes så mange muligheder til lykke i verden, men  
at hun ikke kan få øje på dem. Det er mangelen på  
et livsmål som piner hende.

....

Manuskriptet, som H. L. efterlader, går ud på at men-  
neskeoppgaven er: Opad, imod lysbringeren. Livet  
på de nuværende samfundsgrundlag er ikke værd  
at leve. Derfor fantasere sig bort fra det. Ved drik  
o.s.v.

(H. L. er initialane til Holger Løvborg, Ibsens første navn  
på Ejlert Løvborg.)

....

**NB!**

Ejlert Løvborgs tanke er at der må skaffes tilveje et  
kammeratskabsforhold mellem mand og kvinde, hvor-  
af det sande åndelige menneske kan fremgå. Det  
øvrige, som to bedriver, ligger udenfor som det  
uvæsentlige. Dette er det, som omgivelserne ikke  
forstår. Han er for dem en udsvævende person.  
I det indre ikke.

Kan en mand ikke have flere venner, hvorfor da ikke  
også flere veninder?

Det er netop den i omgang med kvindelige «venner»  
eller «kammerater» opsamlede sandselighed, som  
hos ham får udtryk gennem hans udskejelser.

....

**NB!**

Hvorfor skal jeg følge en samfundsmoral, som jeg  
véd, ikke vil holde ud en halv menneskealder til. Når  
jeg skejer ud, som de kalder det, så er det en flugt  
fra det samtidige. Ikke fordi jeg finder nogen fryd i  
udskejelsen. Dertil stikker jeg for dybt i det be-  
stående. —

(Thea, det lille fæ, forstår ingen ting av det. Men  
hun er bare dejlig alligevel. Der er en ubevist frem-  
tidsside i hende.)

Jeg må anstille mig som en idiot for at bli forstået.  
Lade, som om jeg vil rehabiliterer mig i mobbens —  
nutidsmobbens øjne.

Skulde da ikke fremtiden rette sig imod det store, det  
gode, det skønne, som Tesman siger.

Jo! Men det store, det gode, det skønne blir ikke i  
fremtiden det, som vi nu tænker os —



Dette utdraget er henta frå Halvdan Kohts verk «Henrik Ibsen. Eit diktarliv».

## «DEI STENGDE DRIFTENE»

«Han (Ibsen) såg for det indre syne sitt ein strid mellom motsette drifter djupt i sjela, og det vart til eit drama mellom menneske og inni menneske. Han feste det til noko som han kanskje hadde høyrte um då han var heime i 1885, — ei tevling mellom to unge vitskapsmenn, den eine av dei gift med ei dame av selskaps-verda med fine vanar og store krav. Og han batt det i hop med ymse særskilde og sermerkte hendingar han hadde høyrte um frå ulike kantar. Men alt slikt var berre liksom den nakne bulen til å henge sjølv diktinga ikring; det gav eit feste for skapings-fantasien hans. Utor si eiga sjel tok han to lynde, nær-sagt to ånds-heimar i strid, og fylkte dei imot einannan i levande menneske.

På den eine sida ei bra og kvardagsleg borgarånd, med alle gode borgarlege dygder, — heile det Tesman'ske huse: den idige arbeidsmauren Jørgen som ikkje lyfter syne ut yver dei næraste fyrelógene, — den hjartegode offer-sjela tante Julle, og så gardvorden i ætta, den skikkelege tenestegjenta Berte. På den andre sida ei verd full av åndeleg uro, frigjord ifrå moralske fordomar og band, ja helst utan noko moralsk feste, men skjelvande i spaning framfyre livsgåtene, med lengt utimot eit eller anna merkeleg og stort. Den ringaste her er livs-nytaressessor Brack. Men so er det den geniale vitskapsmannen Ejlert Løvborg, han som skriv um «fremtidens kulturmagter» og «fremtidens kulturgang», men som har i seg ein fårleg livsbrand, ein storm imot alt som bind og hemmer driftene. Og endeleg Hedda Gabler sjølv, den gåtefulle, med motsetningane og striden inni seg, — i denne kvine-sjela har Ibsen lagt ned så mykje av det som striddes i han sjølv.

«Heddass fortvilelse — heiter det i ei av uppskriftene til stykket — er den forestilling at der visst findes så mange muligheder til lykke i verden, men at hun ikke kan få øje på dem.» Ho er so nyfiken på alt som går for seg i live, og ho vil så gjerne kike inn i den verda som løyner seg for ho. Men ho vil ikkje vere meir enn tilskodar heller, ho vågar aldri gje seg sjølv, vågar seg aldri ut i live med sin eigen person. Ho viser ifrå seg alle krav som gjev ansvar, ho vil ikkje vete av «virkelighed», ho rømer unda for alt slikt, — ho er redd. Ho har mangdubla i seg den redsla som hadde plaga Ibsen alt ifrå barndomen, — redsla for skandalen, for folkesnakke. Ho har ikkje kunna kome ut yver det estetiske standpunkte i live, ho vil vere fri for alt stygt. Men samstundes er ho so inderleg lei av dette halv-live, alt blir so fortærande keisamt, ho lengtar etter å få tak i og få makt yver ein menneske-lagnad, ovundsyrke og svartsyke driv og skuvar på, og so freistar ho seg fram, vil eksperimentere. Ho gjer det både med Tesman og med Løvborg, men helst umveges, so ho ikkje sjølv skal få noko ansvar. I dei fyrste uppskriftene til stykke nyttar ho jamvel Tesman til reidskap til eksperimente med Løvborg. Men i den endelege utforminga er det ho sjølv som lokkar Løvborg fram på dei ville vegane, og det er ho som fær han til å skyte seg, — ho tykkjer det er modigt og stort

og fagert at han vågar denne gjerninga, og ho fær sjølv den kjensla at ho er med i live, um so u-set. Då det so likevel syner seg at ho dermed for ålvor blir driven ut i livsansvare, — at ho blir ufri under det ho har gjort, og blir nøydd til å lyde annan-manns vilje, — då ser ho ingen annan utveg enn å røme ut or live. Live har nådd ho att, og ho må døy.

....

Sant er det ... at det ikkje var noko sernorsk med Hedda Gabler. Ho var eit foster av yverklasse-samfunde i notida, slikt som det kunde forme seg i alle land, — «i den vestlege



del af byen» heimfeste Ibsen stykke sitt, — ei kvinne utan mål og gjerning i live, stengd av dei lovene som samfunde hennar sette for ho. Difor vart ho eit nær-sagt fullkome døme på den sjele-otta som psyko-analysen i det 20de hundreåre serleg tok til å granske og skildre. Med vald hadde ho kua ned dei driftene som sprengde på i sansar og sjel; ho var fyllt av ei trå som aldri fekk fullnøgjing for di ho ikkje våga gje etter. Og so hemnde driftene seg; dei førde ho ut i ein vitlaus leik med alt det som lokka og drog ho, og dreiv ho dermed burt i eit skorfeste som berre pistol-kula kunne berge ho ut or. Ho hadde ikkje makt til å gjere seg sjeleleg fri. Korkje Tesman eller assessor Brack kunde hjelpe ho; dei berre stengde for ho, so det ingen utveg vart anna enn døden.»





VELKOMEN TIL

# DET NORSKE TEATRET SCENE 2

Det Norske Teatret kan no ønske publikum velkomen i den nye vese teatersalen og kjellarlokala under. — Vi har fått verksemda i ABC-teatret under eige tak og vi vonar og trur at det skal bli eit levande og skapande ungt miljø i Oslo sentrum.

Kjellarlokala står til disposisjon for teaterpublikummet etter framsyninga tre kveldar i veka, måndag, tysdag og torsdag. Onsdag, fredag og laurdag held Bikuben til der med sine program, men også på desse kveldane er publikum frå teatret hjarteleg velkomne.

T. S.





## HOVUDSCENEN:

«**Song of Sølvi**» — ein musikalsk revy. Orkester under leiing av Egil Monn Iversen. På Hovudscenen première 3. februar. «**Hair**» — gjestespel frå Shaftesbury Theatre, London. Première 18. februar. «**Bernardas hus**» av Garcia Lorca. Regi: Elisabeth Bang. Scenografi: Arne Walentin. Première primo mars. «**Zorba**» av Joseph Stein/John Kander/Fred Ebb. Regi: Rikki Septimus. Scenografi: Arne Walentin. Première ultimo mars.

## SCENE 2:

«**Dei rettferdige**» av Albert Camus. Regi: Kjetil Bang-Hansen. Scenografi: Gunnar Alme. Première 16. januar.

## FOR BARNA:

«**Taremareby**» av Ingebrigt Davik/Asbjørn Toms. Regi: Asbjørn Toms. Scenografi: Snorre Tindberg. Première 30. januar.

## TANKAR OMKRING EIT REPERTOAR

Repertoaret i haustsesongen 1970, spenner over eit langt tidsrom, — skodespela som vart framførte, representerer milepelar i den europeiske dramatikken, og skildrar til saman soga om vår sivilisasjon, med opphav i det greske, der «**Orestien**» av Aiskylos står som ein mektig inngangsportal, — fram til denne sivilisasjonens neste store høgdepunkt, renessansen, som faldar seg ut rikast og mest mangfoldig i Shakespeares diktning, med «**Stormen**» som eit sentralt verk frå hans mogne alder, — og vidare fram til vår sivilisasjons degenerering og forfall, slik vi opplever det i dag, skildra på ulik måte av Samuel Beckett i hans «**Mens vi ventar på Godot**» og Witold Gombrowicz i «**Opette**».

I begge desse moderne sceneverk er europearen komen til vegs ende: hos Beckett i vonlaus venting på Godot, hos Gombrowicz enno med ei desperat von om at det nakne naturlege menneske kan stige opp av sivilisasjonens ruinhaug og fri seg frå sine tyngjande drakter av konvensjon og av utlevde mønster for liv og åtferd. Konflikten mellom natur og kultur går gjennom heile denne sivilisasjonssoga, og gjennom dei store skodespel vi i løpet av hausten har prøvd å gje scenisk liv.

Denne konflikten pregar også den dramatikkk som står på spelplanen i resten av sesongen: Ibsens «**Hedda Gabler**» med alle sine vakre naturgjevne krefter frustrerte i det viktorianske korsett, sprengde av det, — den spanske Bernarda Albas fem ulykkelege døtre, med alt sitt driftsliv og all sin menneskelege natur stengd inne bak kvite murar av katolisisme og spansk moral. Og på andre sida grekaren Zorba som har kraft og mot til å bryte ut av fastlagde mønster og la liv og livsglede strøyme fritt, — og som gjennom den greske songen og dansen knyter trådane attende til dei Dionysos-festar Hedda Gabler drøymmer om i statsrådinne Falks villa. Eit anna utslag av opprør mot sivilisasjonen opplever vi i hippie-musicalen «**Hair**» som sist i februar gjestar Det Norske Teatret, framført av engelske artistar.

Natur og kultur — mennesket i kamp med naturen i og utanfor seg, adla av kampen; men til det står utan kontakt med naturen, trellebundne av sin sjølvskapte kultur — det er hovudmønstret i repertoaret denne sesongen.

## SPELPLANEN PÅ ANDRE TEATER:

### JANUAR/FEBRUAR



«Kjære Antoine» av Jean Anouilh. Regi: Kirsten Sørлие.  
«Samfundets Støtter» av Henrik Ibsen. Regi: Magne Blesness.  
«Den spanske flue» av Arnold og Bach. Regi: Hans Dahlin.  
«Britannicus» av Racine. Regi: Edith Roger.

#### FOR BARN OG VOKSNE:

«Scapins skøyerstreker» av Molière. Regi: Elna Kimmestad.

#### AMFISCENEN:

«Sandkassen» av Kent Andersson. Regi: Janken Varden.  
«Dødsdansen» av August Strindberg. Regi: Edith Roger.  
«Din egen vri – eller hva du vil» av Driver/Hester/Apolinar.  
Regi: Kirsten Sørлие. «Hjemkomsten» av Harold Pinter.  
Regi: Pål Løkkeberg. «Vennene» av Arnold Wesker. Regi: Merete Skavlan.



«Plaza Suite» av Neil Simon. Regi: Toralv Maurstad. «Du kan ikke ta det med deg» av Moss Hart/George S. Kaufmann. Regi: Toralv Maurstad. «August August August» av Pavel Kohaupt. Regi: Barthold Halle. «Tusen kyss fra Bagdad» av Arne Skouen. Regi: Arne Skouen (februar).

#### BARNETEATRET:

«Fyrtøyet» av Kåre Bing. Regi: Terje Mærli.



#### OPERAREPERTOAR:

«Figaros bryllup» av Mozart. «Carmen» av George Bizet.  
«Nattklokken» av G. Donizetti. «Mascarade» av Carl Nielsen.  
«Boris Godunov» av M. Modest. «La Boheme» av Giacomo Puccini.

#### BALLETTERPERTOAR:

«Askepott» av Doris Laine. «Svanesjøen» 2. akt av Pepita/Ivanov/Arova.



«Brand» av Henrik Ibsen. Regi: Barthold Halle. «Sans og samling» av Bing/Bringsværd. Regi: Gudrun Waadeland.  
«Peer Gynt» av Henrik Ibsen. Regi: Ingebjørg Sem. (Det Norske Teatret.) «Hedda Gabler» av Henrik Ibsen. Regi: Tormod Skagestad. (Det Norske Teatret.) «Sommerfugler er fri» av Leonard Gershe. Regi: Ellen Isefjær. (Trøndelag Teater.) «In Natura». Revy fra Oslo Nye Teater. «Jerico». Gjestespel frå The American Festival Theatre.



«Hår» av Ragni/Rado/McDermot. Regi: Sven Henning.

#### LILLE SCENE:

«Onkel Vanja» av Anton Tsjekov. Regi: Otto Homlung.  
«Kjærlighet uten strømper» av Johan Herman Wessel. Regi: Lothar Lindtner.

#### FOR BARNA:

«Pinocchio» av Brian Way. Regi: Karen Randers-Pehrson.



«Cleng Peerson» av Alfred Hauge. Regi: Arne Thomas Olsen. «Helaften» av Brecht/Weill/Gershwin. Regi: Arne Thomas Olsen. «Sandkassen» av Kent Andersson. Regi: Arne Thomas Olsen.

#### BARNETEATRET:

«Pinocchio» av Brian Way. Regi: Sverre Bentzen.



«Loppen i øret» av George Feydeau. Regi: Stein Winge.  
«Kamerat Semjon» av Nicolaj Erdman. Regi: Kurt Olof Sundström.

#### FOR BARNA:

«Folk og røvere i Kardemommeby» av Thorbjørn Egner.





Botnen - 68